



MØTEBOK 04/26

STRATEGISAMLING FOR FORMANNSKAP, GRUPPELEIARAR I KOMMUNESTYRET, LEIAR AV PLAN- OG MILJØUTVAL OG KOMMUNEDIREKTØR MED LEIARGRUPPE OG RELEVANTE FAGFOLK

Møtedato: 21. og 22. april 2026

Møtetid:

Møtestad: Quality Ulstein hotel, Sjøgata
10, Ulsteinvik

Saksnr.:

036/26

Følgjande medlem møtte

Jim Arve Røssevoll
Karoline Antonie Slinning
Bendik Valseeth Havnegjerde
Martin Nicolai Skår
Nils Erik Bjørkavåg
Turid Kristin Sand Humlen
Åse Petrin Vegsund

Parti

AP
AP
FRP
FRP
H
H
KRF

Andre politikarar

Elin Kilvik Skeide (gruppeleiar)	KRF
Jan Magnar Sandvik (gruppeleiar)	SUL
Marcus Aasehaug-Bakken (gruppeleiar)	V
Øystein Båtnes (leiar plan- og miljøutvalet)	FRP

Ikkje meldt forfall

Ronny Johan Juul (gruppeleiar)	SV
--------------------------------	----

Andre

Anita Masdal Steenslid (hovudtillitsvald NSF, Norske sjukepleiarforbund)

Møteleiar:	Turid Kristin Sand Humlen
Frå administrasjonen:	Kommunedirektør Bente Glomset Vikhagen, kommunalsjefane Gunhild Fjeldvig Tørle (helse og

	meistring) og Ragnhild Hanken Skjong (oppvekst), HR-leiar Torry Larsen, einingsleiar eigedom John-Magne Eikrem, fungerande einingsleiar Terje Havnegjerde (kommunalteknikk), fagleiar økonomi, Per-Arne Christensen, rådgivar eigedom Per-Vidar Sæhaug, rådgivar helse og meistring Jarl Andres Moe, politisk koordinator Frode Elias Synnes.
Innkalling:	Ok.
Sakliste:	Ok.
Utlevert i møtet:	-
Diverse:	-

Saksopplysningar:

For andre år på rad vart det gjennomført ei strategisamling 21. og 22. april, jf gjeldande politisk møteplan (av praktiske årsaker er det registrert under formannskapet).

Følgande deltok:

- formannskapet sine faste medlemmar
- gruppeleiarane for dei partia i kommunestyret som ikkje er medlem av formannskapet
- leiar av plan- og miljøutvalet
- ein hovudtillitsvald blant dei tilsette
- kommunedirektør med leiargruppe og relevante fagfolk.

Mål for samlinga:

Vi får ei betydeleg auke i innbyggjarar over 80 år den næraste 15 – 30 åra, og vi opplever allereie i dag eit auka press på tenestene. Vi må derfor no drøfte og planlegge korleis Sula kommune skal rigge seg for framtida for å kunne tilby forsvarlege tenester. Delar av samlinga vil bli brukt til å gå gjennom dei mest realistiske konseptane for val av tenestehus, med tanke på framtidige behov for helse- og omsorgstenester. Målet med samlinga er også å hauste erfaringar frå Ulstein kommune som har utmerka seg nasjonalt i arbeidet med å rigge seg for framtidig demografiske utfordringar.

Dei fleste tema for samlinga knytte seg til vedtatte samfunnsplan, eigedomsstrategi og næringsstrategi. I forkant vart deltakarane oppmoda til å lese gjennom vedtatte:

- samfunnsplan
- eigedomsstrategi
- næringsstrategi

Ordførar og kommunedirektør orienterte meir frå samlinga og vegen vidare i kommunestyremøtet 7. mai, jf K-sak 041/26: Orienteringssak om strategisamlinga 21. og 22. april 2026.

Økonomiske konsekvensar for Sula kommune

Samlinga vart gjennomført innanfor budsjetttrammene.

Juridiske konsekvensar / konsekvensar for innbyggjarane

Dette var ei strategisamling. Det vart ikkje gjort formelle politiske vedtak undervegs i samlinga, derfor ga den ingen juridiske konsekvensar eller konsekvensar for innbyggjarane.

Saksliste

Saksnr.	Sakstittel	Gradering
036/26	Program for strategisamlinga 21. og 22. april	

036/26: Program for strategisamlinga 21. og 22. april

Kommunedirektøren si innstilling:

Formannskapet tek saka til vitande.

Behandling i Formannskapet 21.04.2026

Innstillinga vart samrøystes vedtatt.

F - 036/26 Vedtak:

Formannskapet tek saka til vitande.